

UNGDOMSSTRAFF

Ei teoretisk oppgave

BACHELOROPPGÅVE (OPPG300-O)

Politihøgskolen

2015

Kandidatnummer: 346

Antal ord: 5645

Innholdsliste

1.0 INNLEIING	3
1.1 PROBLEMSTILLING	3
1.2 AVGRENSING OG OMGREPSFORKLARING	4
2.0 METODE	5
2.1 VAL AV METODE	5
2.2 FØRFORSTÅING	6
2.3 FRAMGANGSMÅTE OG VAL AV LITTERATUR	6
3.0 HOVUDDDEL	7
3.1 STRAFF	7
3.4 RESTORATIVE JUSTICE	8
3.3 UNGDOMSSTRAFF – KVA ER DET?	9
3.6 Å FENGSELE EIT BARN	11
3.7 POLITIET SI ROLLE	13
3.8 KRAV OM BUSTAD I NOREG	16
4.0 AVSLUTTING	17
5.0 LITTERATURLISTE	18
6.0 SJØLVVALT PENSUM	20

*”Moralske oplevelser af forpligtelse, skyld og ansvar er
fundamentale menneskelige realiteter, grundlaget for alt
menneskeligt samliv”*

Alf Ross (1973, s. 268)

1.0 Innleiing

Ungdomsstraff er ein alternativ straffereaksjon som vart vedteken av Stortinget i desember 2011¹. Denne forma for reaksjon trådde likevel ikkje i kraft før 1.juli 2014. Dette fordi det først då vart etablert oppfølgingsteam i dei ulike konfliktråda rundt i landet. Ordninga med oppfølgingsteam var ein føresetnad før ungdomsstraff kunne tre i kraft (Justis- og beredskapsdepartementet, 2012).

Ungdomsstraff er såleis ein ny straffereaksjon. Den er meint for ungdom mellom 15 og 18 år, som har gjort alvorleg og/eller gjentatt kriminalitet (KRÅD, 2014).

Temaet er svært dagsaktuelt. Ungdomsstraff har per dags dato ikkje blitt testa særleg ut i praksis, men ser ein på målet for denne straffereaksjonen, dreier den seg om barn og deira framtid. Kan ungdomsstraff bidra til å hindre at barn som har gjort gjentatt og/eller alvorlege lovbrøt fell tilbake til det kriminelle miljøet? Kan ungdomsstraff såleis vere ei brikke i politiet si oppgåve om å motarbeide kriminalitet?

Vi ser at det er ein stor prosent av unge lovbrøytarar som, etter fullført soning, fell tilbake til det kriminelle miljøet (Justis- og politidepartementet, 2005-2008). Kan ungdomsstraff bidra til å redusere denne trenden?

Teksten min har eit førebyggjande fokus. Lie (2011, s. 21) seier at ”å forebygge vil si å vere i forkant og forhindre at noe negativt skjer”. Sett opp i mot ungdomsstraff, og at barnet då allereie har gjort alvorleg og/eller gjentatt kriminalitet, har kanskje ikkje politiet og andre offentlege instansar lukkast i å vere i førekant. Denne teksten vil difor handle mest om framtida. Klarer vi å førebyggje at desse ungdommane på ny skal utføre lovbrøt?

1.1 Problemstilling

Mi problemstilling er: *Korleis kan ungdomsstraff vere eit førebyggjande tiltak?*

¹ Ungdomsstraff blei tilført ved lov 20.januar 2012 nr.6.

Kjernen i problemstillinga dreier seg om ungdom og straff. Dette er ikkje noko nytt, men sjølve ungdomsstraffa er ei ny reaksjonsform. Problemstillinga er på den måten relevant både for utdanninga og målet politiet har om å jobbe kunnskapsbasert.

1.2 Avgrensing og omgrepsforklaring

Ungdomsstraff som reaksjonsform grensar nedover mot ungdomsoppfølging, og oppover mot ubetinga fengsel. Eg må avgrense omfanget av stoffet, og difor blir ikkje problematikken rundt desse grensene drøfta. Ungdomsoppfølging er likevel veldig lik i måten ungdomsstraff blir gjennomført på, så eg vil trekke parallellar mellom desse.

Eg vil sjå på og ta utgangspunkt i forhold der ungdomsstraff kan nyttast og idømmast. Eg tek utgangspunkt i situasjonar der barnet og verge samtykkjer til denne reaksjonsforma, og vil såleis ikkje drøfte konsekvensar der eit samtykke ikkje blir gitt.

Undervegs i oppgåva vil det dukke opp fleire spørsmål rundt tematikken. Rammene for arbeidet gjev meg ikkje høve til å gå i djupna på desse.

For å sjå heilheita i omgrepet ungdomsstraff, vil eg hevde at det er viktig å sjå individet bak. Sjølv om alle personar er ulike, er det likevel ein del moment som kan gjere at enkelte er meir utsatt for å begå kriminelle handlingar enn andre. Eg vil difor kome inn på kva som gjer at barn hamner på kant med lova, og kven desse barna er.

På linje med NOU 2008:15, vel eg å bruke omgrepet ”barn”, framfor ”ungdom”. Dette er i tråd med barnekonvensjonen del 1, art 1, der det står definert at alle under 18 år er barn. I kraft av at dei er barn, følgjer det med ein del særlege rettigheter (FN, u.å.). Samstundes har barn eit spesielt behov for beskytting, då dei er ei særleg sårbar gruppe (NOU 2008:15). På den andre sida vil ikkje det at dei er definert som ”barn” utelukke at også denne gruppa kan begå gjentatt eller alvorleg kriminalitet. Betydinga av ”gjentatt” og ”alvorleg kriminalitet” vil ikkje blir drøfta utover dette.

I oppgåva vil eg bruke omgrepa ”offer”, ”krenka” og ”etterlatne” om kvarandre. Også omgrep som restorative justice og gjenopprettande rett vil bli brukt om kvarandre. Forklaring rundt desse omgrepa er drøfta seinare i oppgåva.

2.0 Metode

2.1 Val av metode

Metode kjem av det greske ordet *methodos*, som betyr å følgje ein bestemt veg mot eit mål (Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L., 2010, s. 29). Sosiologen Vilhelm Aubert formulerer definisjonen på metode slik:

En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder (Aubert, 1985, s. 196)

Kva metode ein vel, er avgjerande for korleis ein skal gå fram for å finne kunnskapen ein er ute etter. Vidare er val av metode viktig med tanke på korleis informasjonen skal analyserast, og korleis ein bør gå til verks for å etterprøve den (Dalland, 2012).

Det er menneskeleg å søke etter informasjon som stadfestar dei resultatene ein ynskjer. Som forskar må ein derimot bruke metodar som i større grad sannsynleggjer at teorien ein har er i samsvar med verkelegheita eller ikkje (Johannessen et al., 2010, s. 29-30). Empiri betyr å forsøke eller å prøve. Empiri er erfaringsbasert på bakgrunn av verkelegheita, ikkje synsing. Det er viktig å understreke at empiri ikkje er synonymt med verkelegheit, då verkelegheita er meir omfattande og kompleks enn som så (Johannessen et al., 2010, s. 36)

Eg skal skrive ei teoretisk oppgåve. Ei teoretisk oppgåve vil seie at eg skal ta utgangspunkt i allereie eksisterande teori og empiri. På denne måten kan tema belyst ut frå fleire ulike synspunkt og vinklar. Likevel har ei slik oppgåveform vore utfordrande for meg då det ikkje finst mykje empiri rundt dette tema.

Eg vurderte å bruke juridisk metode, men då det føreligg lite rettspraksis på ungdomsstraff, la eg denne ideen frå meg. På bakgrunn av problemstillinga, ser eg også ei teoretisk oppgåve som betre eigna enn ei empirisk oppgåve, fordi ei empirisk oppgåve, der eg måtte ha samla inn data sjølv, ser eg på som lite fornuftig i forhold til rammeverket for oppgåva.

Ungdomsstraff er lite utprøvd, så ei teoretisk vinkling på denne type oppgåve fall seg difor naturleg.

2.2 Førforståing

Gjennom utdanninga på Politihøgskolen har eg fått fleire forelesingar om ungdomsstraff. Presentasjonane har vore prega av at forelesarane har snakka positivt om reaksjonsforma. I oppgåva finn eg det difor interessant å sjå på dei delane ved ungdomsstraff som ikkje nødvendigvis er så positive. Kjennskap til tema utover dette har eg ikkje hatt.

2.3 Framgangsmåte og val av litteratur

For å finne litteratur rundt dette emnet har eg blant anna brukt søkemotorar på internett. Dette har hjelpt meg å finne nettsider til Konfliktrådet, som har publisert aktuelle dokument om ungdomsstraff. Søka har også ført til funn av Norsk offentlig utredning (NOU), som tek for seg tematikken og problematikken rundt barn og straff. Gjennom søkemotorar på internett fann eg også forarbeida til ungdomsstraffa, som er NOU 2008: 15, *Barn og straff – utviklingsstøtte og kontroll*, Prop. 135 L (2010–2011) og Innst. 83 L (2010–2011). Eg fann proposisjon til stortinget frå regjeringa, Prop 57 L, som inneheldt forslag til vedtak om ny konfliktrådslov. I tråd med ein teoretisk framgangsmåte, må eg med tanke på reliabilitet og validitet, vere kritisk til søka eg gjer. Eg går ut frå at litteratur som er utgitt av offentlege departement og institusjonar er påliteleg, og ser dermed på dette som gode kjelder.

Vidare har databaser som idunn.no vore inngangen til artiklar som er skrivne av folk eller organisasjonar eg ser på som truverdige. Idunn.no er ei database med norske og nordiske fagtidsskrifter. Søk i PIA (Politihøgskolens åpne institusjonelle arkiv) har også blitt gjort for å sjå på vitenskapleg og fagleg arbeid som er skriva av tilsette og studentar ved Politihøgskolen.

Eg har hatt tett samarbeid med Politihøgskolen sitt bibliotek, der eg har fått god hjelp og tips til aktuell litteratur. I målet om å finne litteratur av best mogleg kvalitet har eg også hatt kontakt med nasjonal koordinator for ungdomsoppfølging og ungdomsstraff, Ketil Leth-Olsen.

I konfliktrådet i Sør-Trøndelag og konfliktrådet i Telemark er det blitt gjennomført to pilotprosjekt ”Ungdomsstormøte med ungdomsplan” frå 2006 til 2010. Desse prosjekta vart retta mot saker som var eigna for ungdomsstraff. Pilotprosjekta blei ikkje evaluerte, men følgjeevaluering er iverksett².

² Dette bekrefta avdelingsdirektør for konfliktråda, Gro Rossland, Pr. mail 7.november 2014. Nordlandsforskning har fått evalueringa som skal gå føre seg i ei periode på 4 år.

3.0 Hovuddel

3.1 Straff

Andenæs (1976) definerer straff som ”et onde som staten tilføyer en lovovertreder på grunn av lovovertrædelsen i den hensikt at det skal føles som et onde” (s. 352). Såleis kan vi seie at straffa er ei bevisst handling som staten påfører ein lovbrutar. Kva ynskjer staten å oppnå ved å straffe?

Straff har ulike formål. Ein kan straffe med formål å førebyggje framtidige lovbrøt, noko som er kalla den relative straffeteorien. Ein annan straffeteori er den absolutte, som har til hensikt å straffe for å gjengjelde den krenkinga som er påført gjennom det aktuelle lovbrøtet (Lie, 2011). Det er eit skilje mellom desse teoriane. Den absolutte straffeteorien har som formål å dempe kjensla av angst, aggresjon og urett ved at straffa skal gjenopprette rettferda (Lie, 2011). I den relative straffeteorien jobbar ein med utgangspunkt i individual- og allmennprevensjon.

Gjennom allmennprevensjon skal ein forhindre at befolkninga generelt utfører lovbrøt i framtida. Individualprevensjon ser derimot meir konkret på enkelindivid, og skal forhindre framtidige lovbrøt hjå den enkelte. Ei viktig betyding for begge desse er å vise at lova ikkje er ein tom trussel (Andenæs, 1994, s. 50). Vidare peiker Andenæs (1994, s. 55) på at det objektive, storleiken av oppdagingsrisikoen eller høgda av straffenivået, ikkje nødvendigvis er det avgjerande for prevensjonsverkinga. Det som har betyding er kva slags førestillingar folk gjer seg om nettopp desse.

I Noreg har vi ei straffelov som ikkje tillèt å straffe barn før fylte 15 år. Dette kjem fram av straffeloven §46. Derimot, dersom barnet er over 15 år, kan det straffast. Det vil seie at lovbrutarar mellom 15 og 18 år, til tross for at dei er barn, er underlagt dei same strafferettslege reglane som dei vaksne. Likevel fører straff av barn og unge med seg ein del utfordringar, då barn blir sett på som særleg sårbare individ (Prop. 57 L, 2013–2014). I NOU 2008:15 står det at straff ofte vil vere meir belastande for unge lovbrutarar enn vaksne (s. 22). Kva betyding har dette?

Andenæs (1994, s. 19) hevdar at straff har ein slik verknad at når forbrytaren blir gripen og får si straff, fell sinnet til ro hjå den krenka. Ny forskning viser derimot at det ikkje nødvendigvis er det momentet at lovbrytaren blir fengsla som skaper tryggleik hjå den krenka.

Dagens forskning seier noko om det at offeret og etterlatne får møte lovbrytaren ansikt til ansikt kan bidra til å få kjensla av tryggleik tilbake til offeret. Dette er grunnleggjande i tanken om restorative justice, som er elementært i reaksjonsforma ungdomsstraff.

3.4 Restorative Justice

Prinsippet for ungdomsstraff byggjer på tanken om restorative justice. På norsk snakkar vi om gjenopprettande rett, som har same betydning.

Restorative justice er en alternativ tilnærming til retten, som fokuserer på alternative konfliktløsningsstrategier, heller enn straff. Bruk av konfliktråd er et eksempel, og dette er særlig vanlig når det gjelder konfliktløsning mellom unge (Aas, 2007, s. 212).

Gjennom bruken av gjenopprettande rett, får dei aktuelle partane moglegheit til å saman kome fram til tiltak som skal settast i verk for å i størst mogleg grad handtere konsekvensane av det lovbrøtet har ført med seg. Dette vil i stor grad ivareta både gjerningspersonen og fornærma sine omsyn. Såleis kan gjerningspersonen stimulerast til å innsjå konsekvensar av det han har gjort, og vidare bli oppmuntra til å ta ansvar for eigne handlingar. Denne prosessen kan føre til at gjerningspersonen får ein reintegrasjon i nettverket, altså ei gjenoppretting av integritet i tillegg til opplevinga av einheit i nærmiljøet. Det er positivt at dette også kan føre til oppleving av meistring (Justis- og politidepartementet, 2005-2008). Ein kan i så måte seie at gjenopprettande rett kan ha ein rehabiliterande effekt (Lie, 2011, s.154).

Ikkje alle skader kan reparerast. Likevel kan gjenopprettande rett bidra til at partane kan slå seg til ro med det som har skjedd, og legge hendingane bak seg (Prop. 57 L, 2013–2014). Dette kan forklarast ved at gjenopprettande rett i stor grad har fokus på offeret. I ei vanleg rettssak er det staten, ved påtalemyndigheita, som fører fornærma si sak. På denne måten vil gjerningspersonen i større grad kunne sjå på staten som krenka. Derimot, ved at gjerningspersonen får møte offeret og emosjonelt må forholde seg til vedkommande si stemme, blick og kjensler, vil det kunne skape ein indre motivasjon til å ta tak i eige liv, endre livsførsel og ikkje gjere nye lovbrøt (Lie, 2011, s.153). Justis- og beredskapsdepartementet skriv i Prop 57 L (2013-2014) at erfaringar i Noreg og frå andre land viser at tilbakefall for gjerningspersonar er lågare ved bruk av gjenopprettande prosess i strafferetten enn elles.

Innleiingsvis viste eg til eit sitat av Alf Ross. Det ligg i naturen at menneske kjenner forpliking og skuld overfor det ein har gjort. Sitatet samsvarar med tanken bak gjenopprettande prosess, då ein får moglegheit til å ta ansvar for eigne handlingar.

3.3 Ungdomsstraff – kva er det?

Eit barn som har utført alvorleg og gjentatt kriminalitet og som er mellom 15 og 18 år på gjerningstidspunktet, kan i staden for ubetinga fengsel eller strengare samfunnsstraff, bli idømt ungdomsstraff. Straffereaksjonen er heimla i straffeloven §28c.

Ansvar for gjennomføringa av ungdomsstraffa ligg hjå konfliktrådet, men er eit forpliktande, tverrfagleg samarbeid mellom fleire instansar, deriblant politiet. Gjennomføringstida for straffa er det domstolen som fastset. Som hovudregel kan ungdomsstraffa vare mellom 6 månadar og 2 år. Unntaksvis kan inntil 3 år idømmast (Prop. 57 L, 2013–2014).

Ungdomsstraff krev at barnet som har gjort lovbroten samtykkjer i straffereaksjonen. Dette fordi straffa krev motivasjon og innsats frå barnet sjølv, for å kunne skape ei positiv utvikling, som i beste fall fører til at barnet i framtida ikkje gjer nye lovbroten.

Ungdomsstraff er beståande av tre delar:

- Ungdomsstormøte
- Ungdomsplan
- Oppfølgingsperiode

Gjennom første del av straffereaksjonen, ungdomsstormøtet, møter lovbroten personen eller personane som er berørte av den kriminelle handlinga. Ved at den eller dei berørte fortel kva konsekvensar lovbroten har fått for dei, kan barnet i større grad få ei forståing av kva han eller ho har påført andre. Dette gir også ei moglegheit for barnet til å gjere noko positivt tilbake, og å såleis oppleve meistring (Konfliktrådet, u.å.). Dette er i tråd med tanken bak restorative justice.

Den delen som tek føre seg å lage ein ungdomsplan, er skreddarsydd til kvart einskild barn. Planen består av ei rekke krav som barnet må innfri. Nokre eksempel på dette kan vere at

barnet må forplikte seg til å avstå frå all kriminalitet i dette tidsrommet, at barnet må ta urinprøve til oppsette tider, og/eller at barnet må vere heime innan eit fast klokkeslett kvar kveld (Gustavsen & Vardeheim, 2013, s. 21).

Avtalen mellom barnet og teamet skal også skissere konsekvensar ved eventuelle brot på ungdomsplanen. Det er eit skilje mellom nye lovbrot, og brot på eitt eller fleire av tiltaka i ungdomsplanen. Nye lovbrot skal meldast til påtaleansvarleg, medan eventuelle brot på tiltaka i planen kan behandlast internt i dei enkelte oppfølgingsteama og i koordineringsgruppa (Gustavsen & Vardeheim, 2013, s. 22). Vidare skriv Gustavsen og Vardeheim (2013) at alternativet kan vere å føre saka tilbake til det tradisjonelle straffesystemet. Dette blir eventuelt gjort etter at ei rekke vurderingar er tekne. Det er mange faktorar som spelar inn på vurderingane, deriblant alvorret på lovbrotet, og barnet sin innsats eller vilje til gjennomføring av ein ny og skjerpa ungdomsplan. Gjennom ein såkalla brotsamtale, der barnet blir konfrontert med sine brot, får barnet moglegheit til å forklare seg, og det blir vurdert om barnet har den motivasjonen som trengst for vidare oppfølging. Til stades på møtet er barnet med verge, ein representant frå oppfølgingsteamet, ein ungdomskoordinator og ein representant frå politiet, som leiar møtet (Gustavsen & Vardeheim, 2013, s. 22). Etter møtet blir det skriva ein rapport frå ungdomskoordinatoren til påtalejuristen om anbefaling for vidare tiltak. Utfallet for avgjerda er det påtalejurist som tek.

I ei oppfølgingsperiode er det oppretta eit oppfølgingsteam. Tanken er å ansvarleggjere skadevolder for gjerningane han eller ho har gjort. Dei skal bli ansvarleggjort ovanfor den som er krenka, samt folk i lokalsamfunnet. Dette blir opprettheldt med ein slik reaksjon i større grad enn i ei vanleg straffesak i rettsapparatet, der gjerningspersonen blir ansvarleggjort overfor staten (Larsson, Gundhus, & Granér, 2014, s. 196).

I oppfølgingsteam er fokuset å motivere og inkludere barnet. Tiltaka er individuelt retta, slik at barnet har best mogleg føresetnadar til å kunne klare å jobbe seg opp mot målet, som vil dreie seg om å rette opp skader som er påført andre. I tillegg er det fokus på at barnet skal følge avtaler som kan verke inn på fritid, jobb og skule.

3.5 Kven er på kant med loven?

Ungdata (NOVA, 2013, s.86) skriv at det gjennom kriminologisk forskning er gjort funn på at ungdom og unge vaksne er dei gruppene der det hyppigast førekjem lovbrot. Dette

konkluderer også Fauske og Øia (2010, s. 238) med. Fauske og Øia (2010) seier også at antal lovbrott som blir gjort er færre, men at dei lovbrott som blir gjort er av meir alvorleg karakter. Vidare peiker dei på at det er enkeltpersonar som står for majoriteten av lovbrota.

Ungdata seier at det ikkje er heilt tilfeldig kven som ender opp med på vere på kant med lova, eller på kant med det som er alminneleg sosialt akseptert (NOVA, 2013, s. 86). Ofte er dette barn som eksempelvis har ustabile heimeforhold, som mistrivast på skulen eller har svak sosial kontroll. Fauske og Øia (2010) presiserer at årsakene ofte er samansette, men dreg fram mange av dei same momenta som ungdatabarn gjer.

Pedersen (1991) forklarar omgrepet ”sensation seeking” som ei forklaring på at unge gjer lovbrott. Han seier at den indre spenninga har noko eventyrleg over seg, og at det å begå kriminalitet dermed på mange måtar tilfredsstiller behovet enkeltpersonar har for spenning og utfordring.

Vi kan seie at barn som veks opp under forhold som beskrive over har eit dårleg utgangspunkt, og står i større fare for å kunne utvikle ei kriminell karriere. Det dårlege utgangspunktet kan på ingen måte frigjere barnet for ansvar, men frå samfunnet si side medfører dette særlege krav til oppfølging (Innst. 83 L, 2011–2012). Regjeringa sin handlingsplan (Justis- og politidepartementet, 2005-2008) peikar på at det frå samfunnet si side må setjast inn ressursar for å avdekke kriminaliteten som skjer i barne- og ungdomsmiljøa. Dei presiserer at ei bærekraftig førebygging krev tett samarbeid og viljestyrke mellom ulike fagfolk og etatar, og at tiltak både retta mot enkelte individ og miljø på eit tidleg tidspunkt er viktig for å minimere risiko for ei vidare kriminell karriere. Dette var det store utgangspunktet for tanken om oppfølgingsteam og ungdomsstraff som reaksjon.

3.6 Å fengsle eit barn

Mykje av den kriminelle åtferda kan ein forstå og forklare. Derimot betyr det ikkje at den kan forsvarast. Alle menneske har, på tross av bakgrunn og barndom, ansvar for sin handlemåte og oppførsel. Fokuserer ein i for stor grad på determinisme³, vil det kunne bidra til å svekke straffelovgivinga sin allmennpreventive verknad, samt å unnskylde den straffbare åtferd (Andenæs 1994, s. 30).

³ Tjønneland (2011) seier at determinisme er læra om at alt som skjer er strengt årsaksbestemt

Historisk sett har barn i lang tid blitt fengsla i Noreg. Det er ikkje mange tiår sidan barn blei fengsla og torturete på Bastøy, ei øy utanfor Oslo. Så nært, men så fjernt. Samfunnet vi lev i er i stadig utvikling. Det krev at vi må tilpasse oss samfunnet, og utfordrar blant anna samfunnsmessige og politiske spørsmål som omhandlar straff av barn. Gjennom fleire år har Noreg blitt kritisert av FN for ikkje å ivareta barn sine behov ved fengsling. Mykje av kritikken går ut på at barn framleis er under utvikling og er dermed lett påverkelege. Det å skulle omgåast fleire eldre og kriminelle vil såleis kunne ha negativ innverknad på barnet. Krav frå FNs Barnekonvensjon i dei seinare år, om at myndigheitene skal vektleggje barna sitt beste, har også sitt å seie for at både lovgjeving og konkret straffeutmåling er blitt påverka og endra⁴ (Holmboe, 2015).

Forsking viser at tilbakefall til ny straffereaksjon etter at eit barn har vore i fengsel generelt er veldig høg (Justis- og politidepartementet, 2005-2008, s. 5). Handlingsplanen til regjeringa (Justis- og politidepartementet, 2005-2008) viser at tilbakefallsprosenten til ny straff for barn i aldersgruppa 15-17 år som blei idømt ubetinga fengselsstraff i 1991 var på 74%. Ein gjennomgang av 150 straffesaker mot barn som blei dømd til ubetinga fengselsstraff frå januar 2006 til juni 2007 viste også at tilbakefallsprosenten til ny alvorleg kriminalitet som førte til fengselsstraff var på over 66% (NOU 2008:15). Dette er eit tankekors i det førebyggjande arbeidet, og viser at fengsling av barn ofte ikkje fører dei ut av den kriminelle løpebana.

I Trondheim var det i perioden mellom 2006 til slutten av 2008 eit prøveprosjekt i oppfølgingsteam for unge lovbyrtarar. Resultata av prosjektet viser at det er godt dokumentert at barna som var med i prøveprosjektet ikkje har gjort nye lovbrøt (Kvelling Ø., & Wendelborg C., 2009, s. 64). Effektmålingane viser også få vilkårsbrøt i avtalen, og høg gjennomføringsprosent. I tillegg er indikerer målingane at barna etter oppfølgingsteamet har fått klart betre psykisk helse (Kvelling Ø., & Wendelborg C., 2009, s. 127). Resultata er lovande, men då prosjektet berre varte i ein treårsperiode, må ein ha med i tankane at resultata må studerast over ein lenger periode for å kunne samanliknast med tidlegare tilbakefallsprosent, og for å få ei adekvat truverdighet.

Prøveprosjektet i Trondheim, også kalla Trondheimsmodellen, ligg til grunn og er ein årsak til at departementet falt ned på modellen om ungdomsstraff (Prop. 135 L, 2010-2011, s. 38).

⁴ Samstundes som ungdomsstraff blei innført som ny reaksjon i straffeloven, blei det også innført ein ny paragraf jf. Strl. §18 om at fengsel berre skal nyttast ovanfor unge lovbyrtarar når det er særleg påkravd.

Profesjonelle deltakarar og barna som gjennomførte prosjektet, har rapportert om at prosjektarbeidet imøtekom konkrete behov hjå barna, at tillit mellom barna og dei profesjonelle blei opparbeida og at prosjektarbeidet var med på identitetsendring for barnet gjennom fokus på meistring. I tillegg var ein annan faktor som gjorde at prosjektet lukkast at ”det ikke var fokus på straffa som pine, men forpliktende, utfordrende og krevende deltakelse i egen rehabilitering” (Prop. 135 L, 2010-2011, s. 37).

I følgje momenta over, er det mykje som taler i mot fengselsstraff av barn, fordi det kan virke mot sin hensikt. Vidare er stempling og stigmatisering to moment som er svært aktuelle. Hauge (2007, s.305) skriv at ” den som er henvist til ein tilværelse i portrom og hospitser vil lett se på seg selv gjennom de andres øyne: som mislykket og asosiale”. Vi kan trekke parallellar mellom portrom eller hospits og fengsel. Ordet fengsel er negativt ladd. I fengsel sit kriminelle. Dei som sit der er sperra inne og fråtatt si friheit. Som fange i fengselet kan ein dermed lett gå inn i ei rolle. Ei rolle som då skal leve opp til forventningane om at ein er ein kriminell. Hauge (2007) beskriv vidare at åtferda nettopp er prega av den rolla ein er plassert inn i. Vidare er det eit sett med forventningar frå dei rundt ein om at ein må leve opp til denne rolla. Bryt ein med desse, er det lett for å bli møtt med sinne eller andre typar negative sanksjonar (s. 305).

Regjeringa har gjennom tida hatt press på seg til å måtte tenkje alternativt, då deira mål er at barn ikkje skal setjast i fengsel. I NOU 2008:15, står det at utfordringa har vore ”å finne fram til reaksjonar og tiltak som imøtekjem målgruppa sine behov, samtidig som dei sikrar omsynet til ofra og samfunnet sitt behov for vern mot kriminalitet” (s. 9).

Denne utfordringa belyser noko som kan vere ei motførestelling til alternative straffereaksjonar, som ungdomsstraff. Klarer ein å imøtekomme behovet for at barnet treng ein annan form for straff enn fengsel, samstundes som at ein skal sikre og ta omsyn til behova offera har, og samfunnet generelt?

3.7 Politiet si rolle

Politiet har ei sentral rolle i det tverrfaglege samarbeidet rundt ungdomsstraff.

I det enkelte tilfelle er det viktig at politiet i ei tidleg fase tek høgde for at ungdomsstraff er ein straffereaksjon som kan idømmast. For å få til dette, er det avgjerande at kvar einskild polititenesteperson har den kunnskapen som er nødvendig for å formidle dette til barnet og verge. Utan at politiet tilrettelegg, er sjansane mykje mindre for at saken blir avgjort med ein slik alternativ reaksjon.

Det er særleg to ting som er viktige. Det første er at politiet føretek ei enkel kartlegging i samband med avhøret av barnet, blant anna ved utarbeiding av ein personaliarapport, med tanke på å avklare ei eventuell oppfølging over tid, og om motivasjonen for dette er tilstades. Ein personaliarapport skal, jf. politiinstruksen § 8-15, 3.ledd, innehalde opplysningar om føresette sin bustad og kven som har foreldreansvaret dersom foreldra er skilde. Vidare skal det framkome personlege forhold om barnet, særleg om heim og skule, og om det har vore tiltak i medhald av barnevernsloven tidlegare. Personaliarapporten må ikkje forvekslast med personundersøking. Ei personundersøking skal søke å kartlegge risikoåtferd og eventuelt kor stor den er. Jf. Strpl. §163 er det Kriminalomsorgen som skal gjennomføre ei personundersøking. Som hovudregel går det fram av Strpl. §161a, 1.ledd, 2.pkt. at det skal gjennomførast personundersøking før ei sak pådømmast, dersom det skal takast ut tiltale mot ein mindreårig.

Det andre momentet er at etterforskarer, for at ungdomsstraff kan idømmast, må innhente eit reelt og informert samtykke frå barnet og føresette. Dette kjem fram i konfliktrådsloven § 11, 1.ledd, 2.pkt. Det vil seie at polititenestepersonen må ha nødvendig kunnskap om reaksjonen, slik at politiet tydleg kan legge føringar på kva ein slik reaksjon inneber, og kva barnet og føresette kan forvente seg av eit samtykke til ei slik straff. Politiet må sette seg inn i barnet sitt perspektiv, og formidle budskapet på ein slik måte at barnet forstår kva som blir sagt. Politiet må ha klart for seg, og forstå at barnet er i ein vanskeleg situasjon som står ovanfor val som er av stor betydning for framtida.

Eit dilemma er at på det tidspunktet ein samtykker, veit ein ikkje med hundre prosent sikkerheit kva ein samtykker til. Det krevjast samtykke før ein arrangerer eit ungdomsstormøte, og vidare utarbeidar ein ungdomsplan. I lys av dette kan ein stille seg spørsmål om ungdomsstraffa i så måte harmonerer med dei krav som blir stilt om rettslikheit, forutberegnelegheit og einsarta praksis som ved gjennomføring av strafferettslege reaksjonar bør gjelde (Iversen, 2013). Ein kan også stille seg spørsmål om ungdomsstraffa i så måte strid

med Grunnlova sitt krav om at ingen skal straffast utan dom, derav at straffa sin art og kvantum judisielt blir fastsett.

For å i større grad sikre rettslikheit og einsarta praksis foreslo Ungdomskriminalitetsutvalget i NOU 2008:15 at domstolen, etter at ungdomsplanen var ferdig utforma i ungdomsstormøtet, skulle kontrollere og godkjenne ungdomsplanen. På den eine sida ville dette kunne bidra som ein rettssikkerheitsgaranti for den domfelte. Domstolen kunne då få moglegheit til å sende ungdomsplanen i retur til ungdomsstormøtet med forslag til endringar dersom dei meinte at ungdomsplanen var urimeleg blant anna i forhold til lovbroten sin art (Iversen, 2013). På den andre sida må ein kunne stole på at fagfolk, barnet sjølv, verge og andre aktuelle, gjennom eit ungdomsstormøte, vil kunne kome fram til avgjersler om kva som er dei rette tiltaka vidare, i tråd med at ungdomsplanen skal vere individuelt tilpassa. Departementet, som fråveik utvalet sitt forslag, meinte også at rettssikkerheita kunne ivaretakast på andre og meir effektive måtar enn det Ungdomskriminalitetsutvalget foreslo. For eksempel er dette grunnen til at det er domstolen som fastset ungdomsstraffa si gjennomføringstid (Iversen, 2013). Departementet presiserte også i si grunngjeving mot forslaget til Ungdomskriminalitetsutvalget at ungdomsstraffa er basert på frivillig samtykke, og at dette samtykket når som helst i straffeprosessen kan trekkast tilbake av domfelte.

Likevel kan konsekvensane av å trekke seg vere så store at barnet sjeldan vil våge det. Reglane er slik at retten, når ei sak blir sendt i retur som brot eller trekk, ikkje kan omgjere ungdomsstraffa til samfunnsstraff (Holmboe, 2015). Alternativet vil då vere ubetinga fengsel. Dette vil seie at når ein samtykker til ungdomsstraff, gir det samstundes avkall på moglegheita for samfunnsstraff. Årsaken til dette kan vere at samfunnsstraff generelt sett blir sett på som mildare enn ungdomsstraff (Prop. 135 L, 2010-2011, s. 116). På den andre sida kan samfunnsstraff kombinerast med ubetinga fengsel, og det er dermed ikkje openbart at dette er mildare enn ein dom på ungdomsstraff (Holmboe, 2015, s. 408).

Politiet kan også med fordel ta kontakt med ungdomskoordinator i konfliktrådet, dersom ein ser at ein alternativ strafferettsleg reaksjon er aktuell. Utan at det er krav om det, kan det også vere lurt å konfrontere ein påtalejurist med saka og tankar rundt ein alternativ straffereaksjon, for å avklare om dette kan vere aktuelt. Samarbeid med påtale, samt andre etatar i ei tidleg fase, vil uansett ikkje vere negativt. Derimot vil eit tidleg samarbeid spele ei viktig rolle blant anna for å effektivisere arbeidet.

Deltaking frå politiet si side vil også ifølge departementet (Prp. 57 L, 2013-2014, s. 91) ha ei viktig rolle då dette er med på å understreke alvoret i saka. Vidare vil også politiet ofte kjenne til og ha god kunnskap om konfliktsituasjonar i ungdomsmiljø, og såleis kunne kome med viktige innspel til nødvendige tiltak for å få barnet ut av dette miljøet.

3.8 Krav om bustad i Noreg

For å kunne idømmast ungdomsstraff finst det eit formelt krav om at ein må ha bustad i Noreg. Det er utan betyding om lovbrystaren har norsk statsborgarskap, men omgrepet ”bustad” må forståast på den måten at busettinga, som må ha vart ei viss tid, også er meint å vare ei stund (Prop. 135 L, 2010–2011, s. 164). Baktanken om dette er at ein må bu i landet for at straffegjennomføringa og aktiviteten den medfører, praktisk skal la seg gjennomføre.

Det at straffegjennomføringa kan by på praktiske problem er ein ting. På den andre sida kan bustadskravet vere i strid med artikkel 2 i FN's Barnekomites Generelle kommentar No. 10 (2007). I artikkelen står det at ”Partane skal treffe alle nødvendige tiltak for å sikre at alle barn i konflikt med lova skal behandlast likt” (s.4). Kan ein seie at like tilfelle handsamast likt når ein føretrekk å velje ungdomsstraff for eit barn som fyller vilkåret om bustad, men ved eit tilsvarende forhold, vel ubetinga fengsel for eit barn som ikkje fyller vilkåret om bustad i Noreg? (Iversen, 2013).

Vidare i FN's Barnekomites Generelle kommentar No. 10 (2007) er det presisert at ein i førebyggjande hensikt skal strekke ut handa til alle grupper barn. Dette gjeld særleg dei barna som er mest ugunstig stilte og utsett, eksempelvis barn i fengsel, barn frå minoritetsgrupper eller barn som er flyktningar. Barn som utfører kriminalitet i landet, og som ikkje har bustad her, vil ofte vere inn under denne gruppa og dermed vere ekstra sårbare. Ein kan på denne måten seie at sjølv om nasjonalitet ikkje spelar nokon rolle, vil bustadsvilkåret kunne skape ein skilnad mellom barn, på grunn av status (Iversen, 2013 s.406).

I førearbeida til ungdomsstraff er det ikkje drøfta kor vidt det er akseptabelt å forskjellsbehandle ut ifrå det faktum om ein har bustad i Noreg eller ikkje. På den andre sida kan det vere utfordrande å forsvare at ein på sett og vis behandlar like tilfelle ulikt.

Eg har tidlegare nemnt at dei nye lovheimlane som regulerer bruken av ungdomsstraff er inspirert av Barnekommissjonen. Dette kjem fram blant anna av Prop. 135 L (2010–2011,

s.13), der det står at formålet med å innføre ungdomsstraff blant anna var at lovgjevaren då meinte at Noreg betre kunne klare å ivareta Barnekonvensjonen sine prinsipp. Det er då eit tankekors at eit spørsmål om diskriminering med tanke på bustadsvilkåret ikkje er reist i førearbeida.

4.0 Avslutting

Regjeringa har eit mål om at barn ikkje skal setjast i fengsel. Eit tiltak for å redusere tal på barn i norske fengsel har vore å fastsetje ein ny straffereaksjon, ungdomsstraff. Tanken er at sosial kontroll, gjennom tett oppfølging, skal erstatte den fysiske kontrollen eit fengsel har.

Eg finn det positivt at regjeringa satsar på førebyggjande tiltak overfor barn og unge, og at dei set i verk tiltak som legg til rette for ei meir human straffeforfølgning. Likevel finst det nokre problematiske sider ved ungdomsstraff, deriblant at ein samtykkjer i ein reaksjonsform utan å vite med sikkerheit kva ein samtykkjer til. Dersom barnet vel å trekke seg, er det også eit dilemma at samfunnsstraff ikkje kan idømmast som eit alternativ. Vidare fører vilkåret om krav om bustad i Noreg med seg utfordringar som set FN's prinsipp om barn sine rettigheter på prøve.

Gjennom ungdomsstraffa er formålet å nytte gjenopprettande rett, som fokuserer på at barnet skal få auka forståing for kva konsekvensar handlinga han har gjort, har medført for dei andre berørte partane. Gjennom prøveprosjekta retta mot ungdomsstraff ser ein at tilbakefallsprosenten til eit kriminelt miljø er betydeleg lågare for dei som har gjennomført ungdomsstraff, samanlikna med tilbakefallsprosenten for dei som har sona ubetinga fengselsstraff. På denne måten kan ein seie at ungdomsstraff kan vere eit førebyggjande tiltak. Likevel er det nokre kriterier som må ligge grunn. Ein er for det første avhengig av at barnet er motivert, då reaksjonen er krevjande og i stor grad baserer seg på refleksjonar og val den unge lovbrytaren gjer. For det andre er ungdomsstraff også avhengig av eit tverrfagleg, godt samarbeid med tett oppfølging av barnet.

Eg finn fleire positive enn negative sider ved ungdomsstraffa. Likevel må ein vente på resultata av følgjeevalueringa av prøveprosjekta som er gjennomført, før ein kan seie om ungdomsstraffa har den førebyggjande effekten ein ynskja seg.

5.0 Litteraturliste

- Andenæs, J. (1994). *Straffen som problem*. Exil forlag AS.
- Aubert, V. (1985) *Det skjulte samfunn*, Oslo: Universitetsforlaget
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving* (5. utg.). Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Fauske, H., & Øia, T. (2010). *Oppvekst i Norge*. Abstrakt.
- FN (u.å.) *FN Barnekonvensjon: Barns rettigheter*. Henta mars 7, 2015 frå <http://www.reddbarna.no/vaart-arbeid/barns-rettigheter/barnekonvensjonen-i-fulltekst>
- FN (2007) *FNs Barnekomites Generell kommentar No. 10 (2007): Rettighetene til barn som er i konflikt med loven*. Henta april 10, 2015 frå: <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/barnets-rettigheter/generell-kommentar-10.pdf>
- Gustavsen, K., & Vardeheim, I. (2013, mai 10). *Følgforskning av oppfølgingsteam knyttet til konfliktrådsarbeid i Telemark*. Henta november 5, 2014 frå .: <http://www.telemarksforskning.no/publikasjoner/filer/2307.pdf>
- Hauge, R. (2007). *Stempling og stigmatisering*. Pax.
- Holmboe, M. (2015). *Ungdomsstraff og ungdomsoppfølging: En oversikt og noen kritiske merknader*. Henta frå Tidsskrift for Strafferett, 14(4), s.397-414: <http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/274637/1/ungdomsstraff.pdf>
- Innst. 83 L (2011–2012)*. (2011, 11 29). Henta 03 21, 2015 frå <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2011-2012/inns-201112-083/>
- Iversen, J. S. (2013). En kritikk av ungdomsstraffen. Henta mars 7, 2015 frå http://www.idunn.no/ts/lor/2013/09/en_kritikk_av_ungdomsstraffen?highlight=#highlight .
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2012, januar 20). *Nye regler for unge lovbrøyttere*. Henta november 4, 2014 frå <http://www.regjeringen.no/nb/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/jd-2/nyheter-og-pressemedlinger/pressemedlinger/2012/nye-regler-for-unge-lovbrøyttere.html?id=670228>
- Justis- og politidepartementet. (2005-2008). *Handlingsplan, "Sammen mot barne- og ungdomskriminalitet"*. Henta 03 22, 2015 frå

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/jd/vedlegg/handlingsplan_sammen_mot_barne_ungdomskriminalitet.pdf

Konfliktrådet. (u.å.). *Ungdomsstraff og oppfølging*. Henta november 4, 2014 frå <http://www.konfliktraadet.no/ungdomsstraff-og-oppfoelging.5411816-313365.html>

Konfliktrådsloven - Lov om konfliktrådsbehandling. (2014, 07 01). Henta mars 21, 2015 frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2014-06-20-49?q=konfliktrådsloven>

KRÅD. (2014). *Det kriminalitetsforebyggende råd*. Henta november 1, 2014 frå <http://www.krad.no/forebygging/barnogungdom/reaksjoner-og-tiltak/ungdomsstraff>

Kvello Ø., & Wendelborg C., NTNU samfunnsforskning AS. (2009). *Oppfølgingsteam for unge lovbrytere*. Henta mars 21, 2015 frå <http://samforsk.no/SiteAssets/Sider/publikasjoner/prosessevaluering%20oppf%C3%B8lgningsteam%20unge%20lovbrytere.pdf>

Larsson, P., Gundhus, H. O., & Granér, R. (2014). *Innføring i politivitenskap*. Oslo: Cappelen damm AS.

Lie, E. M. (2011). *I forkant*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

NOU 2008:15. (2008). *Barn og straff*. Oslo: Lobo Media AS.

NOVA (2013). Ungdata. Nasjonale resultater 2010-2012. NOVA rapport 10/13. Oslo, NOVA. Henta april 13, 2015 frå: http://www.nova.no/asset/7229/1/7229_1.pdf

Pedersen, W. (1991). *Mental Health, Sensation Seeking and Drug Use Patterns. A Longitudinal Study*. British Journal of Addiction.

Politiinstruksen. (1990, juni 26). *Alminnelig tjenesteinstruks for politiet*. Justis- og beredskapsdepartementet.

Prop. 135 L (2010-2011). Henta mars 22, 2015 frå Justis- og beredskapsdepartementet: <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/prop-135-l-20102011/id649036/?docId=PRP201020110135000DDDEPIS&ch=1&q=>

Prop. 57 L (2013-2014). Henta 01 22, 2015 frå Justis- og beredskapsdepartementet: <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/Prop-57-L-20132014/id754374/?docId=PRP201320140057000DDDEPIS&q=&navchap=1&ch=1>

Ross, A. (1973) *Om tillregnelighed, Tidsskrift for rettsvitenskap*, Vol. 86, s. 257-307.

Straffeloven. (1902, mai 22). *Lov 22 mai 1902 nr.11 om den almindelige borgerlige Straffelovs Ikrafttræden*. Norge: Fagbokforlaget.

Straffeprosessloven. (1981, mai 22). *Lov av 22 mai 1981 nr.25 om rettergangsmåten i straffesaker* . Norge: Fagbokforlaget

Tjønneland, E. (2011, november 10). *Determinisme: Filosofi*. Henta november 8, 2014 frå Store Norske Leksikon: <https://snl.no/determinisme%2Ffilosofi>

Aas, K.F. (2007) *Globalization and crime*. London: Sage

6.0 Sjølvvalt pensum

Gustavsen, K., & Vardeheim, I. (2013, mai 10). *Følgforskning av oppfølgingsteam knyttet til konfliktrådsarbeid i Telemark*. Henta november 5, 2014 frå .: <https://www.telemarksforskning.no/publikasjoner/filer/2307.pdf> Side 7-62 (55 sider)

Holmboe, M. (2015). *Ungdomsstraff og ungdomsoppfølging: En oversikt og noen kritiske merknader*. Henta frå Tidsskrift for Strafferett, 14(4): <http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/274637/1/ungdomsstraff.pdf> Side 1-17 (17 sider)

Kvello Ø., & Wendelborg C., NTNU samfunnsforskning AS. (2009, 02 01). *Oppfølgingsteam for unge lovbytere*. Henta mars 21, 2015 frå: <http://samforsk.no/SiteAssets/Sider/publikasjoner/prosessevaluering%20oppf%C3%B8lgningsteam%20unge%20lovbytere.pdf> Side 1-127 (127 sider)

NOU 2008:15. (2008). *Barn og straff*. Oslo: Lobo Media AS. Side 9-185 (176 sider)

Totalt 375 sider